



Protokoll frå
styremøte 02.04.09, Oslo

Til stades:

Nils Øyvind Bergset
Solbjørg Tveiten
Mari Eggen
Torunn Raftevoll Rue
Dag Hovda Sture

Frå adm:

Magnar Sundt
Jorun Hagen
Elisabeth Vatn under sak 22
Asgaut Bakken under sak 24

Forfall:

Jon Ellingsen
Knut Erik Godtland

SAKLISTE

- Sak 12 Referatsaker
- Sak 13 Rekneskap for 2008
- Sak 14 Lønnsforhandlingar
- Sak 15 Revidert budsjett for 2009
- Sak 16 Organisasjonsprosessen
- Sak 17 Oppdal spell- og dansarlag; Søknad om delvis tilbakebetaling av leigesum
- Sak 18 Politiattest for frivillige organisasjonar
- Sak 19 NM i folkemusikk; diverse spørsmål
- Sak 20 Utgreiing om folkemusikk og –dans i kulturskolen
- Sak 21 Sofienberg spellemannslag; Søknad om medlemskap
- Sak 22 Folkelarm; Juryarbeid showcase og platepris
- Sak 23 Nye æresmedlemmer
- Sak 24 Kunstnarisk råd for folkemusikkscena
- Sak 25 Arrangør av Landsfestivalen 2010
- Sak 26 Torkjell Haugeruds Minnefond
- Sak 27 NM i folkemusikk, Godkjenning av avgifter
- Sak 28 Team Gløs Tøs; Søknad om medlemskap

Styresak 12 / 09

Referatsaker

1	Norsk musikkråd	Tildeling av driftstilskott for 2009. LfS får kr. 2 290 000. Dette er ein auke på kr. 260 000. (12,8 % auke). Den største auken LfS har fått utan at stortinget har øymerka ekstra tilskott.
2	Norsk kulturråd	Tilsagnsbrev Folkemusikkscena som får 780 000 i 2009 i drifts- og formidlingstilskott. Ein auke på kr 30 000.
3	Norsk kulturråd	Tilsagnsbrev om støtte til Folkelarm 2009 på kr. 250 000. Same tilskott som året før.
4	Norsk kulturråd	Spelemannsbladet får kr 100 000 i tidsskriftstøtte for 2009 (80 000 i produksjonsstøtte og 20 000 i nynorskbonus) Ein auke frå kr 60 000 i 08.
5	Torkjell Haugeruds Minnefond	Årsmelding 2008
6	Voss spelemannslag	Årsmelding 2008
7	Rff	Pressemelding; Kulturminneåret – ikkje for immateriell kultur ?
8	Sogn og Fj. folkemusikklag	Referat frå styremøte 15. des 08
9	Peder Gullikstad	Takk for helsing på 75-årsdagen
10	Vidar Lande	Takk for helsing på 60-årsdagen
11	Sogn og Fj. folkemusikklag	Tradisjonsseminar i spel og dans 28. febr. – 1. mars
12	Musikkutstyrsordningen	Tildeling av tilskudd til kurs og opplæringsmidlar. Samansetting av utval
13	Musikk i skolen	Kampanje "Sang i Norge" 1. febr. – 1. mai
14	Valdres folkemusikklag	Invitasjon til årsmøtet 12. mars m/årsmelding og sakspapir
15	Hedmark folkemusikklag	Invitasjon til årsmøtet m/årsmelding og andre sakspapir
16	Norsk Musikkråd	Memo 2 (infoskriv).
17	Oslo kommune	Avslag på søknad om tilskott til Folkelarm 09.
18	Frivillighet Norge	Invitasjon til årsmøtet 1. april. Frogner kino. Påmelding innen 18. mars
19	Norske festivaler	Årsmøtet og årets festivalkonferanse. Bodø – 19.- 20. mars
20	Utval for rytmisk musikk Norsk Kulturråd	Dei daglege leiarane i LfS og NFD sendte inn forslag på Tellef Kvifte som kandidat til å sitte i dette utvalet. Han har blitt vald inn.
21	Østerdølenes spellmannslag	Årsmelding 2008
22	Nordbygda spel- og dansarlag	Årsmelding 2008
23	Indre Sunnfj. d spelemannslag	Årsmelding 2008
24	Sandar Spellmannslag	Årsmelding 2008
25	Spelemannslaget Fjelljom	Årsmelding 2008 Innsendt er også nye vedtekter som laget har vedtatt. Til orientering og evt. godkjenning. Vedtektene er laga ut frå malen LfS har for lokale medlemslag. Vedtak: LfS har ingen merknader til vedtektene.
26	Frikanalen	Dagleg leiar deltok på eit info-møte om den nye Frikanalen 22/1. Referat frå møtet.
27	Dataprogram for kappleikar	Info om at arbeidet med nytt program er i gang.
28	Nye kontorlokale	Vi har gitt tilbakemelding til NMR om at vi blir med på flyttelasset til Schouskvartalet frå 1. september
29	Samstemt	Samstemt er i gang med arbeidet med eit nytt felles Samstemt-dokument for 2010.
30	Regionale kompetansesenter	Info om status. Planar framover
31	Asgaut og Hilde	Takk for glasbollen i høve gjestebodet deira
32	Adm	Søknad om driftstilskott for 2010. Sendt ut saman med sakspapira.
33	NMR	MEMO 3 (info-skriv)
34	Musikkens studieforbund	Tilsagnsbrev på at LfS har fått kr. 25 000 i tilskott til Strunkeveko.

		Orientering.
35	Riksscenen	Orientering om forslag til styreleder. Stiftarane har drøfta drøfta stillinga som styreleiar og var einstemmige i ønsket om å gjenopptreffe Karl Einar Ellingsen for to nye år. Han har takka ja til tilbodet
36	Årsmøtet for 2009	Fastsetting av tid og stad for årsmøtet i 2009 var eigentleg sett opp som sak på dette styremøtet. Vi må derimot samkøyre årsmøtet med NFD som må ha eit ekstraordinært årsmøtet samtidig. Tid og stad blir bestemt på det neste fellesstyremøtet med NFD.
37	Stiftinga Hilmar Alexandersen Folkemusikkfestival	Innkalling til årsmøtet 22. april kl. 19
38	Det Kgl. Hoff	H.M. Dronning Sonja har takka ja til invitasjonen til NM i folkemusikk og vil vere til stades etter eit nærare definert program på laurdag ettermiddag/kveld under arrangementet.
39	Adm	Referat frå seminar og årsmøte i Nordisk folkemusikkomite København 28.- 29. mars. Seminar tema: <ol style="list-style-type: none"> 1) Womex i København til hausten og ei fellesnordisk satsing gjennom Nordic Club og opningsprogram 2) Folkelarm. Nordisk folkemusikkomite ønskjer ikkje å planlegge eigne prosjekt til hausten 3) Folklandia (finsk bransjetreff) og evt. nordisk deltaking 4) Nord09. Nordisk kappleik i Sälen Folkemusikkens Fælles Sekretariat i Danmark har tatt over sekretariatet for Nordisk folkemusikkomite.
40	Styreleiar / dagleg leiar	Referat frå årsmøtet til Norsk folkemusikk og -danslag
41	Gaular Spelemannslag	Årsmelding for 2008
42	Nordmøre spelmannslag	Årsmelding for 2008 M/melding om at dei har endra namn frå Nordmøre spel- og dansarlag til <i>Nordmøre spelmannslag</i>
43	CIOFF Noreg	Referat frå årsmøtet . CIOFF Noreg er lagt ned i si noverande form. Norets Ungdomslag er bedt om å ta over funksjonen som Norsk seksjon av CIOFF. (Jamfør styrevedtak i LfS, sak 69/08).
44	Otta spelmannslag	Årsmelding 2008
45	Sogn og Fjordane folkemusikklag	Årsmelding 08. Invitasjon til årsmøtet m/sak om organisasjonsarbeidet. Eg har meldt at LfS kjem til møtet
46	Riksscenen	Innkalling til Riksscenerådet , seminar og konsert 23. april
47	Østvind dans- og spellmannslag	Framlegg av vedtekter - i tråd med krav og ønske frå LfS ved søknad om medlemskap Vedtak: LfS har ingen merknader til vedtektene. Laget blir ønskt velkommen som medlemslag i LfS)
48	Norsk Musikkråd og Musikkens studieforbund	Innkalling til Musikkting og representantskapsmøte 5.- 6. juni. Styreleiar og dagleg leiar er meldt på
49	Solbjørg Tveiten	Referat frå årsmøte i Norsk kvedarforum
50	Torunn Raftveold Rue	Referat frå årsmøtet i Telemarkfestivalen
51	Nils Øyvind Bergset	Melding om at han deltok på styremøte i NFD i februar
52	Nils Øyvind Bergset	Melding om mat han deltok på kranselag til Riksscena
53	Nils Øyvind Bergset	Sak om at han har mottatt ein førespurnad frå ein medlem som er ueinig i kravet om at det blir stilt krav om generell studiekompetanse for å kome inn på dansestudia som Ole Bull Akademiet, Dansevitskap/Institut for musikk, NTNU og Rff-sentret/Norsk senter for folkemusikk og folkedans startar opp til hausten. Kan LfS gjere noko ? Vedtak: LfS ønskjer ikkje å engasjere seg for å endre dette kravet.

Styresak 13 / 09**Rekneskap for 2008**

Dagleg leiar la fram ein førebels, urevidert rekneskap for 2008.
Resultatet viser eit driftsoverskott på kr 109 189,81

Rekneskapen har eit oppsett pr avdeling med eit samla resultat til slutt.

VEDTAK:

Rekneskapen er gått igjennom. Nokre konkrete spørsmål er avklart.
Ein kjem tilbake til rekneskapen på eit seinare tidspunkt etter at han er revidert.

Styresak 14/ 09 Lønsforhandlingar

Intern sak

Styresak 15 / 09**Revidert budsjett for 2009**

Dagleg leiar la fram forslag til revidert budsjett for 2009.

Budsjettframlegget er sett opp med eit årsoverskott på kr. 154 100
Grunnlaget for budsjettet er elles dei kjende inntektene.

VEDTAK:

Budsjettframlegget vart gått igjennom og endra på nokre punkt og vedtatt som arbeidsbudsjett.
Budsjettet skal få ein ytterlegare gjennomgang for 2. halvår.
Avdelingane Spelemannsbladet, Folkemusikkscena og Folkelarm får rammer som dei skal halde seg
innafor. Dei ansvarlege kan innanfor desse rammene sjølve gjere interne budsjettendringar og
omdisponeringar.

- Spelemannsbladet: Minus kr. 90 000 utover det som er avsett til bladet av det ordinære driftstilskottet. Dekkast av organisasjonsbudsjettet.
- Folkemusikkscena: Minus kr 200 000 som organisasjonsbudsjettet dekker opp (LfS sin eigenandel i prosjektet)
- Folkelarm: Minus kr 91 000 som organisasjonsbudsjettet dekker opp (LfS sin eigenandel i prosjektet.)

Andelen til NM i folkemusikk (Landskappleiken) av det statlege driftstilskottet blir auka til kr. 160 000

Dette har skjedd sidan siste styremøte i januar:

▪ **Felles styreseminar med NFD søndag 15. februar.**

Dei aller fleste var med på dette seminaret.

Referat frå seminaret under styremøtet.

▪ **Felles administrasjonsseminar med NFD 3. mars**

Referat frå seminaret utsendt med sakspapira.

▪ **Juridisk utgreiing** er utarbeidd.

▪ **Visjonsdokument** er utarbeidd.

▪ **Oppsett av budsjett for felles midlar løyva av departementet**

▪ **Søknader om driftstilskott for 2010. Felles prosjekt.**

Vår søknad om driftstilskott er sendt ved sakspapira. Jamfør referatsaker. Det er sett opp nokre felles, nye satsingsprosjekt. Vi har søkt på kvar våre og inkl dei i kvar våre søknader.

▪ **Utval til å greie ut Spelemannsbladet som framtidig tidsskrift.**

Slikt utval er nedsett: Knut Aastad Bråten (inkl sekretærfunksjon), Hege Nylund, Bente Riise, Bjørn Hammerseng, Johanne Landsverk

Det er utarbeidd eit mandat, og det er sagt at vi vil ha utgreiinga ferdig innan 25. mai.

▪ **Årsmøtet til NFD.** NFD hadde årsmøtet sitt 21. mars. Vedtak på årsmøtet gir grunnlag for å halde fram prosessen.

▪ **Høyringa i LfS** hadde svarfrist 25. mars. Det har kome inn 16 svar.

NYTT, FELLES STYREMØTE

LfS og NFD har avtalt nytt felles styremøte 23. april. Styret drøfta nokre innspel fram til dette styremøtet.

Førebuaende dokument til dette møtet:

- Dagleg leiar gjennomgår og systematiserer svara frå lagshøyringa til neste styremøte i LfS med referat til fellesmøtet med NFD.
- Utkast til mandat til eit interimstyre
- Notat om prosessen gjennom året
- NFD skal legge fram eit dokument om sin interne strategi

Styresak 17/ 09 Oppdal spell- og dansarlag: Søknad om delvis tilbakebetaling av leigesum

Oppdal spell- og dansarlag har søkt om delvis tilbakebetaling av leigesummen for Landskappleiken 08 – stort kr. 75 000.

VEDTAK:

Styret i LfS avviser søknaden fra Oppdal spell- og dansarlag om redusert leiesum for Landskappleiken 08 på kr. 75 000.

Styresak 18/ 09 Politiattest for frivillige organisasjonar

Politiattest til personar som skal utføre oppgåver for organisasjonar

Med verknad frå 1. desember 2006 er det tatt inn ein ny heimel i strafferegistreringsforskriftene for å skrive ut politiattest til personar som utfører arbeid/verv for frivillige organisasjonar.

Bakgrunnen for at dette er gjort, er at det i løpet av dei siste åra har vorte sett fokus på at utnytting og misbruk kan vere eit omfattande problem innan organisasjonsarbeid, spesielt blant dei som arbeidet med barn og unge.

Ikkje plikt, men moglegheit

Det er viktig å presisere at heimelen seier at det bli *gitt høve til* å hente inn politiattest, og ikkje at det skal hentast inn.

Etter at denne heimel er tatt inn, har organisasjonane forhalde seg til spørsmålet på ulike måtar.

M.a styret i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) vedtok 10. mars 2008 ” *at hele norsk idrett skal kreve politiattest mot seksuelle overgrep mot barn. Ordningen gjelder for alle som skal utføre oppgaver som i vesentlig grad innebærer et tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige. Ordningen trer i kraft 1. januar 2009. Idrettsstyret mener at en felles praksis i hele idretten best mulig sikrer hensynet til barna, hensynet til personvern og hensynet til organisasjonen.*”

På NIF sine nettsider ligg det masse info om korleis dei skal gjennomføre dette, og med rettleiing for idrettslag rundt om i landet: <http://www.idrett.no/t2.aspx?p=75631>

No har også Noregs Musikkorps Forbund fatta eit tilsvarande vedtak.

Frivillighet Norge med rettleiing

Frivillighet Norge – der vi er medlem - har utarbeidd eit førsteutkast som rettleiing for frivillige organisasjonar som ønskjer å innhente politiattestar. Rettleiinga i seg sjølv viser omfanget viss ein ønskjer å gå inn i på ei slik ordning.

Spørsmål til drøfting:

Korleis skal LfS forhalde seg til saka om politiattest innan vår organisasjon ?

skal LfS gå inn for eit pålegg ?

skal LfS gå inn for ei tilråding

skal LfS satse på ei felles line i lag med dei andre musikkorganisasjonane innan NMR?

skal LfS ikkje gjere noko, sjå kva som skjer og evt. vente på ein "skrell" ?

VEDTAK:

LfS vil påverke Norsk Musikkråd til å arbeide for at medlemsorganisasjonane skal legge seg på ei felles line med omsyn til politiattestar slik at det blir utarbeidd retningsliner, skjema og ei ansvarleg gjennomføring.

Styresak 19 / 09

NM i folkemusikk; div spørsmål

1 Poengsystemet / domarskjema

LfS har fått eit innspel der det i dei nye kappleiksføresegnene blir sakna ein strategi for kva slags poengsystem ein ynskjer å bruke. *Dersom ein har tenkt å fortsetje å bruke dei 3 ulike systema som finst pr. i dag (dans, spel LK og spel LF) når ein slår saman klasser som normalt brukar ulike skalaer, vil det oppstå ein del ulike problem. Det blir peika på at LfS bør kunne klare seg med eit felles poengsystem for alle klasser. Dette vil også forenkle arbeidet mot journalistar og folk utanfor miljøet.*

Det blir foreslått å utarbeide eit felles poengsystem for alle klasser i arrangement innan LfS. Vedkommande meiner dette ikkje berre vil forenkle avviklinga av Folkemusikk-NM på Geilo, men også alle dei andre mindre kappleikane rundt om som ynskjer å følgje systema til LfS sentralt for ikkje å skape for mykje forvirring.

VEDTAK:

I den noverande situasjonen, med NM som eit særarrangement i år, med mykje arbeid vekta mot samanslåingsprosessen, og også med ei eiga nemnd i arbeid som vurderer for/mot ei framtidig fast samanslåing av LK og LF, ønskjer ikkje styret å prioritere å bruke tid og ressursar på ei breiare vurdering av dommarskjema.

Styret bruker dommarskjema på NM slik ;

- Spel fele / hardingfele solo: Vi bruker det ordinære spelskjemaet for kappleikar. Det er uproblematisk at repertoarvalet er utvida til også å omfatte runddansmusikk
- Vokal Vi bruker det ordinære skjemaet for kappleikar. Ingen endringar i forhold til trad LK
- Eldre folkemusikkinstrument Vi bruker det ordinære spelskjemaet for kappleikar. Ingen endringar i forhold til trad LK
- Durspel / trekkspel solo Vi bruker kappleikskjemaet. Da får vi lik poengskala med solospel på dei andre instrumenta. Verken kappleikskjemaet for spel eller spelskjemaet for Landsfestivalen er utforma spesielt med tanke på solospel på desse instrumenta. Begge skjema har derimot fungert på kvar sine arrangement, og vi har aldri fått negative tilbakemeldingar på skjema.
- Dans (alle klassar) Vi bruker det ordinære danseskjemaet. Det er ingen endringar i forhold til ein trad LK. Det er nedsett ei eiga nemnd som skal vurdere kriterium for dømning av lagdans. Nemnda foreslår – utan at arbeidet er heilt avslutta - å endre eksisterande danseskjema slik at det passer like godt for pardans, solodans som lagdans. Styret må vurdere dette skjemaet når utgreiinga frå nemnda ligg føre.
- Open klasse Vi bruker skjemaet utarbeidd for LK. Her er det utarbeidd eit eige skjema til bruk på LK. Open klasse på Landsfestivalen har bruket det ordinære skjemaet for LF. LF-skjemaet er for fokusert på danseappell og dansetakt – utan at det blir stilt krav om dette i framføringa på NM.
- Grupperpel Vi brukar det skjemaet som er utarbeidd for Landsfestivalen. Det er gruppespelklassen under Landsfestivalen som er grunnlaget og basisen for denne klassen.
- Lagspel Vi bruker LF-skjemaet under dømninga. Klassen er kort og godt ei samanblanding av lagspel på Landskappleiken og Landsfestivalen som har hatt kvart sitt repertoar. LF-skjemaet er primært utforma med vekt på dansespel og samspel. Kappleikskjemaet er primært utforma med vekt på solospel. Skjemaet nemner ikkje samspel i det heile tatt.

I denne klassen skal dei beste kvalifisere seg til eit dansespel.

2) Bruk av "same" instrument i same klasse

LfS har fått ein førespurnad om bruk av "forskjellige" instrument i same klasse. Er det lov for ein og same person å spele el-bass og kontrabass i same klasse?

VEDTAK:

Kontrabass og el-bass blir i samband med deltaking på Landsfestivalen vurdert som to ulike instrument. Denne vurderinga gjeld også under NM i folkemusikk.

3) Kven reknast som lag i lagspel ?

Vi har fått eit spørsmål til det punktet i tevlingsreglementet som seier at "dei som vil delta i lagspel, må vere medlemslag i LfS."

Fleire lag/grupper som ikkje har vore medlemslag, har tidlegare stilt på både LK og LF i lagspel. Korleis vil styret handheve denne regelen ?

Styret har høve til å gjere enkeltvedtak i tolking av vedtektene.

Ut frå deltakinga dei siste åra, har ikkje temaet vore noko problem. Regelen må vurderast ut frå eit svært romsleg skjønn.

I lagdans er regelen at medlemslaget kan stille med fleire lag i klassen. Ein liknande tolking av regelen kan godt gjelde også i lagspel.

VEDTAK

Andre enn lokale medlemslag i LfS som ønskjer å delta i lagspel på Landskappleiken, kan søkje styret i LfS som kan gjere unntak frå regelen ved enkeltvedtak.

Vedtaket må gjerast kjent på heimesida.

4) Samspel langeleik

Lokal arrangør på Geilo foreslår ei endring i det tevlingsreglementet som er vedtatt.

Dei vil ha inn samspel på langeleik. Dei foreslår at "samspel langeleik(og evt. samspel i andre eldre folkemusikkinstrument) tevlar saman med solistane, men at dei vert sortert ut på eigen resultatliste m/premiering. Då vil langeleikgruppene bli dømt av "sitt eige domarkollegium", og dei vil unngå å tevla ilag med gamaldansgruppene og felegruppene, noko som ville vore "rått parti".

VEDTAK:

Styret støttar ikkje forslaget frå lokal arrangør. Problematikken vart vurdert da reglementet blei vedtatt. Samspel langeleik og evt. samspel i andre eldre folkemusikkinstrument må skje innafør dei ordinære samspelklassene gruppespel, open klasse og lagspel – alt etter instrumentsamansetting og repertoarval.

5) Open klasse og kvalifisering

Lokal arrangør reiser spørsmålet om ikkje kravet til demo/lydfil for deltakarar i open klasse bør skrivast inn i føresegnene?

VEDTAK:

I open klasse på Landskappleiken har det heile tida vore krav om innsending av demo/lydfil. Kravet skal stå spesifisert på påmeldingsskjemaet.

Styresak 20/ 09

Folkemusikk og folkedans i kulturskolen

Rådet for folkemusikk og folkedans har fått utarbeidd ei undersøking om dagens situasjon for folkemusikken og folkedansen i kulturskolen. Rapporten er utarbeidd av Bjørn Aksdal.

Rapporten viser m.a. at berre 4,4 % av kulturskolane har eit tilbod i folkedans, mens det tilsvarende prosenttalet for folkemusikk er 42,4

Hovudkonklusjonar samansett og peikar på.

- manglande etterspurnad
- læremiddelmangel
- tydlege skilnader mellom fylka. Det er ikkje slik at det står bra til i distrikt med sterke tradisjonar og motsett.

Potensielle målgrupper og utgreiinga er;

- Organisasjonane
- Norsk kulturskoleråd
- Kulturskolar som ikkje har eit tilbod pr i dag
- Kulturdepartementet
- Kunnskapsdepartementet

Kva kan organisasjonen gjere ?

Korleis skal vi som organisasjon bruke resultatet av utgreiinga ? Kva er vår utfordring som ein viktig aktør, pådrivar og samarbeidspartnar både på grunnplanet og på nasjonalt nivå ?

VEDTAK:

Styret tar utgreiinga til orientering og vil møte dei utfordringane som konklusjonane gir, gjennom

1) Danseprosjekt - " Revitalisering av tradisjonsdansen"

I søknaden om driftstilskott for 2010 er det inkludert eit konkret prosjekt retta mot dansen. Tiltaket er tenkt ut m.a. med konklusjonane frå kulturskoleutgreiinga som grunnlag.

2) Internjobbing

Organisasjonen må jobbe internt i organisasjonen – med bevisstgjering, informasjon og forslag til gode løysingar.

Dette kan m.a. gjerast gjennom eit eige seminar.

3) I samarbeid med søsterorganisasjonar, Rff og andre arbeide direkte mot kulturskolerådet.

4) Mot styresmakter

Det er viktig å bruke resultatet frå utgreiinga overfor statlege styresmakter både for at dei skal ta nødvendige grep – og for at vi skal kunne få ut støtte til nødvendige prosjekt og satsingar.

Styresak 21 / 09 Sofienberg spellemannslag; Søknad om medlemskap

Sofienberg spellemannslag søker om medlemskap i LfS.

Laget er heimehøyrande i Oslo.

Vedtektene er basert på LfS sine forslag til vedtekter for lokale medlemslag.

VEDTAK:

Sofienberg spellemannslag blir ønskt velkommen som nytt medlemslag i LfS

Ein har ingen merknader til vedtektene.

Styresak 22/ 09 Folkelarm.

- **visjon og mål**
 - **juryarbeid showcase**
 - **platepris**
-

Prosjektleiaren la fram utkast til

- Folkelarm – visjon og mål
- Folkelarm – arrangementets konsertprofil/Showcaseprofil -retningslinjer for juryen og samansetting av jury.
- Reglement for platepris

Før styremøtet hadde styret ein e-postrunde på framlegga.

Dokumenta vart drøfta, men ein kom ikkje i mål, primært pga tidsmangel.

Saka blir tatt opp på nytt i neste styremøte. I mellomtida blir det gjort eit internarbeid mellom styret og administrasjon for ei ferdigstilling av dokumenta.

Styresak 23 / 09

Nye æresmedlemmer

INTERN SAK

Styresak 24 / 09

Kunstarisk råd for Folkemusikkscena

På det førre styremøtet vedtok styret m.a. dette når det gjeld Folkemusikkscena:
".... styret støttar forslaget om eit kunstnarisk råd. Asgaut foreslår medlemmer i rådet – som styret så godkjenner."

Prosjektleiaren la fram slikt forslag til kunstnarisk utval (jury) for folkemusikkscena:

- | | |
|-------------------------------|-----------------------------------|
| 1. Synnøve Jørgensen | Leiar av OsloFolk |
| 2. Terje Foshaug | Dagleg leiar av Kalottspel |
| 3. Per Åsmund Omholt | Leiar av Folkemusikkscena Rauland |
| 4. Tor Steinar Fromreide | Dagleg leiar av Nordsjøfestivalen |
| 5. Asgaut H Bakken (jryleiar) | Prosjektleiar DNF |

VEDTAK:

Styret godkjenner personane i juryen, men prosjektleiaren skal ha status som sekretær for juryen og ikkje som juryleiar.

Styret meiner det er prinsipielt riktig at ansatte eller styremedlemmer i LfS ikkje skal sitja i utval som gjer kunstnarlege vurderingar. Det er viktig at dei kan væra med å gi råd om konkrete spørsmål under juryarbeidet, men dei bør ikkje sitja med formell rett til å ta slike avgjerder.

Styresak 25 / 09

Arrangør av Landsfestivalen 2010

Vi manglar framleis arrangør av Landsfestivalen i 2010. No hastar det verkeleg å få på plass ein lokal arrangør viss det skal bli nokon landsfestival det året.

Ingen interesserte har meldt seg.

Vi har hatt ute nokre følarar direkte mot moglege arrangørar utan å få noko "napp".

- Har styremedlemmene konkrete forslag ?
- Kan styremedlemmene hjelpe til med å kontakte moglege kandidatar ?
- Skal vi spørje Voss om dei også tar LF – slik at vi evt. får eit tilsvarande NM-arrangement som på Geilo no i år ?
- Det blir sendt ut ei oppmoding til laga og medlemmene gjennom neste medlemsinfo. Tilsvarande tekst leggst ut på heimesidene.
- Andre gode innspel?

VEDTAK:

Styret vil spørje direkte nokre lag ein meiner kan vere aktuelle kandidatar og fordelte oppgåver over kven som spør kven.

På dette grunnlaget vil ein ta saka opp att på neste styremøte.

Styresak 26 / 09

Torkjell Haugeruds Minnefond

Torkjell Haugeruds Minnefond har eit styre på 3 medlemmer vald av Telemark Ungdomslag, Telemark folkemusikklag og Landslaget for Spelemenn.

Pr i dag har fondet slikt styre:

Torunn Räftevold Rue	vald av TU	(2008 – 2010)
Kjell Bitustøyl	vald av TF	(2007 – 2009)
Jan Lislien	vald av LfS	(2006 – 2008)

Jan Lislien har gitt melding om at han gjerne ser at styret i LfS oppnemnar ein ny styremedlem. Sjølv om jobben i fondet er heller beskjeden.

Styret må velje ein ny medlem for 2009 – 2011 (3 år).

Saka vart utsett til neste styremøte.

Styresak 27 / 09
NM i folkemusikk; Godkjenning av billettpriser og deltakaravgift

Jamfør kontrakten skal styret i LfS godkjenne billettprisane, premieutgiftene, deltakaravgifta og tevlingsprogrammet under NM i folkemusikk.

Tevlingsprogrammet er godkjend tidlegare, men arrangøren må likevel kunne justere programmet etter at påmeldingane har kome inn.

Lokal arrangør foreslår følgjande:

Vi viser til hyggelige telefonsamtaler, og vil få uttrykke vår store glede over at HM Dronning Sonja har tilsagt sitt nærvær på lørdagskvelden.

I henhold til vår avtale ber vi om at styret tar stilling til følgende forslag:

Påmeldingsfrist 15. mai 2009.

Deltakeravgift: Kr. 140,- for juniorer og kr. 220,- for seniorer pr. person pr. start, unnatt i grupper. Her er deltakeravgiften kr. 600,- for hele gruppa.

Pengepremier i alle finaler:

Vinner kr. 6.000,-

Nr. 2 kr. 4.000,-

Nr. 3 kr. 2.000,-

Dette gir totalt pengepremier på kr. 104.000,- (og det synes vi er nok) Som deltakerpremier har vi tenkt oss en CD med musikk fra Hallingdal. For øvrig er det vel fortsatt slik at 1/3 i hver klasse skal ha premie.

Billettpriser:

<i>Gjennomgangsbilletter:</i>	<i>Full pris</i>	<i>Medl. i LfS</i>
<i>Tirsdag – søndag</i>	<i>700,-</i>	<i>600,-</i>
<i>Torsdag – søndag</i>	<i>600,-</i>	<i>500,-</i>
<i>Fredag – søndag</i>	<i>500,-</i>	<i>400,-</i>

Gjennomgangsbillett gir ikke garantert plass.

Dagbillett koster kr. 200 for hele dagen og kr. 150,- for kveldsbillett

Lørdag koster også kveldsbilletten kr. 200,-

Juniorer går gratis.

Egne opplegg for plateslepp og konserter.

Tevlingsprogrammet har vi fått godkjenning på tidligere, men det vil bli justeringer etter at påmeldingsfristen er gått ut, men vi har et bærende prinsipp om at ingen skal tevle tidligere i uken, enn det som er satt opp i foreløpig program.

Skulle det være uklarheter som dere ønsker å drøfte med meg i syremøtet, så ta kontakt på telefon.

Lykke til med møtet. Vi gleder oss mer enn vi gruer oss.

VEDTAK:

Styret i LfS tar påmeldingsfristen til etterretning.

Styret godkjenner forslaget til deltakaravgift som dermed blir:

Kr. 140,- for juniorar og kr. 220,- for seniorar pr. person pr. start, med unntak av grupper. Her er deltakaravgifta kr. 600,- for heile gruppa.

Styret godkjenner forslaget til pengepremiar

Kr 6000 til vinnar

Kr 4000 til nr 2

Kr 2000 til nr 3

Styret godkjenner forslaget til billettprisar som dermed blir

Gjennomgangsbillett:	Full pris	Medl. i LfS
Tysdag – søndag	700,-	600,-
Torsdag – søndag	600,-	500,-
Fredag – søndag	500,-	400,-

Dagbillett kostar kr. 200 for heile dagen og kr. 150,- for kveldsbillett

Laurdag kostar også kveldsbilletten kr. 200,-

Juniorar går gratis.

Eigne opplegg for plateslepp og konsertar.

Styresak 24 / 09

Team Gløs Tøs; Søknad om medlemskap

Team GløsTøs søker om medlemskap i LfS.

Vedtektene for laget er sendt med søknaden og er bygd over lesten til vedtekter for lokale medlemslag som LfS har utarbeidd.

VEDTAK:

Team GløsTøs blir ønskt velkommen som nytt medlemslag i Landslaget for Spelemenn.

Ein har ingen merknader til vedtektene.

Nils Øyvind Bergset
sign

Solbjørg Tveiten
sign

Mari Eggen
sign

Torunn Raffevold Rue
sign

Dag Hovda Sture
sign

Magnar Sundt
ref.